



## BØMLO KOMMUNE

Vår saksbehandlar:  
Sverre Olav Svarstad

Direkte telefonnr.:  
53 42 30 52

Vår dato:  
23.03.2011  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
2011/395-6346469/2011  
Dykkar referanse:

Det kongelege Fiskeri- og Kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 OSLO

### HØYRING HARDANGERFJORDSKRIFTA

Bømlo kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak om høyring av " Forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden, på sitt møte måndag 21.03.2011:

1. Bømlo kommune krev at Fiskeri – og Kystdepartementet gjennomfører ei omfattande konsekvensutgreiing før framlegg til Hardangerfjordforskrifta vert vedteken. Dette i samsvar med forskrift av 18.02.2000 nr 108.
2. Det er viktig at dei tiltaka som er sett i verk i 2011, med blant anna innføring av brakkleggingssona, blir prøvd ut før nye tiltak blir iverkssatt.

Vedlagt følgjer saksutgreiinga.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

  
Sverre Olav Svarstad  
Rådmann





Dato: 15.03.2011  
Arkivref: 2011/395-  
5600/2011 / 634

Saksbehandlar: Sverre Olav Svarstad  
53 42 30 52  
sverre-olav.svarstad@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	21.03.2011

### **HØYRINGSUTTALE - UTTKAST TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILTE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Bømlo krev at Fiskeri - og kystdepartementet gjennomfører ei omfattande konsekvensutgreiing før framlegg til Hardangerfjordforskrifta vert vedteken. Dette i samsvar med forskrift av 18.02.2000 nr 108.

#### **Dokument i saka:**

Høyringsbrev frå Det Kongelege Fiskeri - og kystdepartement, datert 16.02.2011.  
Brev frå Sjøtroll Havbruk AS – datert 10.03.11  
Brev frå Fiskeri – og Havbruksnæringens Landsforening – datert 09.03.11  
Møte med Bremnes Seashore AS , 10.03.11

#### **Bakgrunn for saka:**

Høyringsfristen er sett til 31.03.2011.  
Fiskeri – og kystdepartementet vil fastsetje særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden. Ei generell omtale av tilhøva i Hardangerfjorden og det opprinnelege framlegget er gjeven i høyringsbrev 18.08.2009. Fleire av instansane sine uttaler omhandla fastsettinga av tak på biomasse.

#### **Høyringsbrevet omhandlar kort:**

Det geografiske og saklege verkeområde for forskrifta

Reglar om tak på biomasse

Tak på biomasse vert ikkje endra i høve til opprinneleg forskrift. Fleire av instansane som gav uttale i 2009 tok for seg taket på biomasse i Hardangerfjorden. På bakgrunn av dette , føreslår departementet at taket på biomasse skal fastsetjast på ein annan måte enn det opprinnelege framlegget.

Selskapsnivå, dvs kor mykje masse selskapet har lov til å ha i sjøen til ei kvar tid.

Lokalitetsnivå, dvs kor mykje biomasse selskapet kan ha på den einskilde lokalitet til ei kvar tid.

Ein skal nå ta stilling til korleis ein skal fordele biomassen i høve til talet på 50 000 tonn MTB (maksimalt tillatt biomasse) Det er og gjort ei endring innanfor føresetnadane til forskrifta, då området er utvida til også å gjelde for ei større geografisk område utan at taket på biomassen er endra. I tillegg til Hardangerfjorden, inkluderer framlegget også Langenuen.

Oversendingsbrev og framlegg til forskrift ligg ved som prenta vedlegg.

### **Vurderingar:**

Alle partar er samde om intensjonen i Hardangerfjordforskrifta. Å oppnå ei berekraftig utvikling av dei områda som forskrifta omhandlar er det liten tvist om. Men slik dette framlegget til forskrift er utforma, vil det ramme oppdrettsbransjen svært så ulikt. For Sunnhordland og ikkje minst for Bømlo, vil det få alvorlege konsekvensar for både oppdrettsbransjen og for kommunen. Det vil bety tap av om lag 150 arbeidsplassar for kommunen med konsekvensar for skatteinntekter og sysselsetting. Det vil bety nedbygging av aktivitet for viktige aktørar innan oppdrettsbransjen slik som i beste fall sterk reduksjon av bearbeiding og foredling, tap av kompetanse og omdømme (merkevarefisk) og avskrivning av store gjennomførte investeringar, og bortfall av planlagde investeringar.

### **1 Manglande konsekvensutgreiing:**

Fiskeri – og kystdepartementet legg fram eit framlegg til forskrift med vidtgåande konsekvensar for oppdrettsbransjen utan å ha gjennomført ei konsekvensutgreiing. Verknadane vil først og fremst ramme oppdrettsselskapa si verksemd i det definerte området i Hardanger, men vil og medføre sideverknader for dei same selskapa si verksemd utafor Hardanger. Det er og høgst usikkert kva effekt forskrifta vil få med omsyn til dei mål den er meint å få i form av berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i området.

Det er ulike reglar eller krav til konsekvensutgreiingar (KU) i norsk lovgiving. Dei mest kjente er krav til KU knytt til plan – og bygningslova.

Det er og ei eiga forskrift om krav til KU ved ” offentlig myndighetsutøvelse ” i form av utgreiingar, forskrifter, proposisjonar og meldingar til Stortinget. Forskrifta ( 18.02.2000 nr. 108) er ein instruks frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til andre departement og deira underliggjande verksemdar.

Her er det mellom anna bestemt at alle saker skal innehalda ei KU som omfattar ein analyse og vurdering av fastsette vesentlege konsekvensar av den avgjerd som skal avgjerast. Mellom anna:

*Utgreiinga skal omfatte konsekvensar for private ( næringsverksemd og einskildpersonar) og forvaltninga ( statleg, fylkeskommunal og kommunal forvaltning)*

*Konsekvensane skal talfestas så langt det er mogleg*

*Uvisse med omsyn til konsekvens art og styrke skal omtalast*

*KU skal normalt utgjera ein eigen del av saka og gje ei kortfatta oversikt over dei viktigaste konsekvensane.*

Når det gjeld dei økonomiske konsekvensane kjem det fram at dette skal vurderast med omsyn til både utgifts – og inntektstilhøve for dei som vert ramma. Det skal i naudsynt grad inngå grundige og realistiske samfunnsmessige analyser, og ved uvisse skal det gjerast ei vurdering for maksimums og minimumsalternativ for nytte / kostnader, samt vurdering av korleis verknadane av tiltaket er avhengig av dei usikre faktorane.

Vidare:

*Miljømessige konsekvensar*

*Konsekvensar for næringslivet ( andre konsekvensar enn reint økonomiske)*

*Distriktmessige konsekvensar, sett på bakgrunn av distriktpolitiske målsetjingar.*

I høyringsbrevet er det eit eige kapittel 4 om økonomiske konsekvensar Det er ein kort omtale og det kjem i sterk kontrast til dei omfattande konsekvensar denne forskrifta vil få for oppdrettsnæringa. Det som er omtalt i kapittel 4 er i beste fall ei skumming på overflaten.

Me veit kva resultatet for kommunen vert, dersom me ikkje følgjer krava til KU i relasjon til plan og bygningslova. Fylkesmannen kjem snart med motsegner i desse tilhøva. Etter rådmannen si vurdering følgjer ikkje Fiskeri – og kystdepartementet opp tilsvarende forskrifter dei er underlagt. Dersom departementet ikkje følgjer opp med ytterlegare konsekvensvurdering, bør det stillast spørsmål om forskrifta i det heile kan vedtakast.

## **2 Selskapsstruktur**

Forskrifta slik den ligg føre, medfører at tall konsesjonar skal avgrensast til 3 per bedrift. Dette er truleg gjort for å skjerme dei små oppdrettsselskapa. Dette vert grunngeven med at dei større selskapa har større fleksibilitet i kvar dei skal ha produksjonen sin, og at desse selskapa heller kan nytte MTB ' en på andre lokalitetar i regionen. Det er vanskeleg for dei mellomstore og store aktørane å få til slik utflytting av følgjande årsaker:

Det er ikkje lov å klarere konsesjonar for å nytte dei i andre regionar. Det er derfor berre Hordaland og Sogn og Fjordane som er aktuelle område.

Store deler av Hordaland er omfatta av tilsvarende avgrensingar som gjeld i Hardangerfjorden, der det er forbod mot samlokalisering og klarering / utviding av lokalitetar. Det er og tillyst fleire nye sonar i Hordaland og Sogn og Fjordane med tilsvarende avgrensingar.

I øvrige geografiske område i deler av Hordaland er det vanskeleg å få nye lokalitetar, mellom anna på grunn av krav til avstand mellom oppdrettslokalitetar, krav til at området er avsett til akvakultur i kommuneplan osv.

Dei selskap som har andre lokalitetar i regionen vil ikkje utan vidare kunne flytte ut kapasitet. For det første har lokalitetane eigne MTB grenser som alt er utnytta. For det andre er det ei grense for kor mange lokalitetar som det er tillete å knytte konsesjonane opp mot.

Det er få næringsaktørar som har aktivitet i Sogn og Fjordane. Dei selskap frå Hordaland som eventuelt har prøvd å få nye lokalitetar i dette fylket, har møtt massiv motstand frå aktørane i Sogn og Fjordane og dei aktuelle kommunane.

### ***Konkurranservedring frå store aktørar til mindre aktørar:***

Aktørar som har bygt opp verksemda si gjennom å ha vore etablert i dette aktuelle område i årevis, vert nå skvisa ut til fordel for mindre verksemdar, og kanskje aktørar som har kome inn i dette aktuelle område i dei seinare år. Verksemdar som har vore etablert i ei fleire år , og som har satsa stort på forskning og utvikling, står nå i fare for å måtte bygge ned sin aktivitet, med dei samfunnsmessige konsekvensar det får.

Uheldig å sette februar 2011 som utgangspunkt for selskapsstruktur. Det medfører at selskap som har endra selskapsstruktur for å effektivisere totalressursane, kjem dårleg ut i forhold til ei avgrensing på 3 konsesjonar per bedrift.

Det vil derfor vera svært vanskeleg å flytte konsesjonskapasitet ut frå Hardangerfjorden. Innføring av denne forskrifta vil derfor medføre ein vesentleg omsetningsreduksjon for ei rekke nøkkelverksemdar i Hardangerfjorden.

## **3 Tak på maksimalt tillat biomasse ( MTB)**

Forskrifta medfører eit tak på MTB på 50000 tonn. I 2009 vart det slakta 105 000 tonn laks og aure produsert i Hardanger og Sunnhordland inkludert Langenuen. Produksjonen, utanom Langenuen, er oppnådd utan å gå ut over 50000 MTB.

I 2010 var slaktevolumet 30 % lågare på grunn av nye forskrifter. ( Forskrift som regulerer forhold rundt Pancreas Disease, forskrift som regulerer lusegrenser og avlusingsforhold, og forskrift som regulerer forhold rundt brakklegging av lokalitetar ( soneforskrifta))

Den framlagte Hardangerfjordforskrifta vil redusere det årlege slaktekvantumet med ytterlegare 30000 tonn. Det betyr at slaktevolumet i Hardanger, Sunnhordland / Langenuen vil verta redusert til 42 000 tonn per år frå 2014. Det vil i så fall vera ein reduksjon på over 60000 tonn frå 2009 – nivå.

Dette er utrekningar som byggjer på produksjonsdata frå Fiskeridirektoratet, samt innmeldte og godkjente driftsplanar frå havbruksverksemdene i det aktuelle området.

Prognosar for dei komande åra syner at produksjonen i Hardangerfjord / Sunnhordlandsområdet vil halda seg på om lag likt eller lågare nivå for ståande biomasse. Dette som ein effekt av den innførte soneforskrifta om koordinert brakklegging. Set ein tak på 50000 tonn MTB, vil det kunne gjennomførast gjennom samarbeid mellom oppdrettare – utan innføring av Hardangerfjordforskrifta. Det under føresetnad av at Langenuen ikkje vert trekt inn i forskrifta.

Kvar av næringsaktørane har kvart sitt biomassetak som utgjer grensa for kor mykje fisk ein kan ha i sjø til ei kvar tid innafor eit definert geografisk område. Ingen av oppdrettselskapa vil kunne ligge i ” taket ” av denne MTB grensa til ei kvar tid. Det fordi at det er ein del ” småfisk ” i merdene, og lokalitetane skal leggjast brakk osv. Sjølv om det som regel varierer frå selskap til selskap vil MTB utnyttinga på selskapsnivå variere i syklusar gjennom året. Kanskje vil ein ligge i toppen av MTB nivået ein gong i året.

Då dei ulike aktørane set ut fisk på ulike tidspunkt ( vår og haust) og har ulike syklus på produksjonen ( kor fort fisken veks, kor stor fisken vert før den vert slakta osv) vil ikkje dei aktørane nå MTB taket samtidig. Soneforskrifta vil truleg også påverke dette, då det er lagt opp til ein bestemt syklus for usetting på førehand mellom alle oppdrettarane innafor område til soneforskrifta.

Dersom forslaget til Hardangerfjordforskrifta vert vedteken vil dette få store konsekvensar for aktørane. Nøyaktige utrekningar må analyserast gjennom KU før forskrifta vert vedteken.

Grunngjevinga for forslaget sin § 6.1 om reduksjon av MTB til 50000 tonn er at det i 2008 aldri var meir enn 48 357 tonn i det aktuelle området, til tross for at samla biomassetak til aktørane i området var 70 000 tonn ( litt over 80 000 tonn inkludert Langenuen). Fiskeridepartementet vil med dette hindre at næringa skal kunne auke produksjonen opp mot MTB – taket ved at MTB taket vert redusert til det som var maksimal ståande biomasse i 2008.

Det er likevel slik at den faktiske MTB utnytting alltid vil ligge under det teoretiske taket. Vert den teoretiske MTB utnyttinga redusert vil også den faktiske utnyttinga verta redusert tilsvarende. Framlegget vil derfor ikkje medføre ein frys situasjon, men ein kraftig reduksjon av oppdrettsverksemda i regionen og dei aktuelle kommunane. Bømlo kommune vil verta hardt råka.

Slik reduksjon skal gjennomførast ved at Fiskeridepartementet foreslår ei rekke konsesjonar som berre skal kunne nyttast med 25 % biomasse. Det vil sei 195 tonn mot nå 780 tonn. Det kjem ikkje fram kva konsesjonar som skal omfattast av reduksjonen, men kjem fram ved at kvar verksemd skal få skjerna 3 konsesjonar, mens resten skal få slik reduksjon. Det vil truleg åleine gje ein langt større reduksjon enn 50 000 grensa.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Store økonomiske konsekvensar for fleire aktørar og kommunar. Dei samfunnsmessige konsekvensane er ikkje utgreidde.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Ingen garanti for at slik reduksjon faktisk har dei positive ringverknader for eit betre berekraftig miljø som dei aller fleste er samde om og som er intensjonen til Hardangerforskrifta. Fiskeri – og kystdepartementet bør la dei tre forskriftene som alt er innført for dette geografiske området få tid til

å virke med tanke på eit meir berekraftig miljø. Ikkje minst fordi desse alt har ført til reduksjon av produksjonsvolum.

**Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen vil oppsummere saksførelegget med at framlegg til Hardangerforskrifta ikkje kan vedtakast før det er gjennomført omfattande konsekvensutgreiing. Det er sterkt å beklage dersom departementet ikkje sjølve gjennomfører konsekvensutgreiing av ei så omfattande forskrift som med all sannsyn vil føre til store økonomiske samfunnsmessige konsekvensar, og som høgst truleg vil setja leiande oppdrettsaktørar tilbake i tid når det gjeld forskning og utvikling og medansvar for berekraftig utvikling innan oppdrettsnæringa. Det bør forventast at departementet i det minste oppfyller lovmessige krav til konsekvensutgreiing med tanke på kva krav som vert stilt til kommunane når det gjeld krav om KU i plansamanheng.

Dersom departementet likevel har tenkt å gjennomføre denne reduksjonen av ståande biomasse utan konsekvensutgreiing må dette gjennomførast på ein heilt annan måte. Dei store oppdrettsselskapa i Hardangerfjorden må handsamast på lik og rettferdig måte. Det kan ikkje vera tilfeldig selskapsstruktur på ein tilfeldig dato i februar som skal avgjera korleis reduksjonen skal fordelast.

Selskap som har satsa på foredling, etter sterk oppfordring frå styresmaktene og som skapar både arbeidsplassar og verdiar, på takast omsyn til. Dette er selskap som har investert store summar både i forskning og utstyr tilpassa foredling. Desse er avhengig av kontinuitet og forutsigbarhet i leveransar. Slik reduksjonen er tenkt gjennomført i framlegg til forskrift, riv grunnlaget vekk for vidare foredling i heile regionen.

